

Nytt firma: Uskedal Røyr og Multiservice AS

10.01.2016



Denne baderomsinnreiinga og mykje anna finn de på heimesida.

I desse tider hører vi ofte om dårlige tider og nedbemanning. Derfor er det ekstra kjekt når vi kan mæla om nyetableringar og utsikter til nye arbeidsplasser. I desse dagar er eit nytt firma, Uskedal Røyr og Multiservice AS, i gang med dei første arbeidsoppdraga. Det er Arvid Hjelmeland som står bak det nye firmaet.



Arvid Hjelmeland fortel at han gjennom mange år har vore inne på tanken om å starta for seg sjølv fleire ganger med ujamne mellomrom. No passa det slik at det vart alvor av dette. Frå tidlegare kan han sjå tilbake på 10 som VVS-røyrleggar og 17 år i Aker og oljebransjen. I denne perioden har han fått rik erfaring både med prosjekt- og arbeidsleiing. I firmaet har han også fått med seg Elif Myklebust, med 45 års erfaring, som ein mentor som også trør til med arbeidsoppdrag når behovet vert stort.

Som namnet seier er det først og fremst ei rørleggarverksemd, men multiservice fortel at firmaet også tilbyr noko ekstra.

- Eg startar opp ganske forsiktig, fortel Arvid, men eg håpar at det skal verta eit kjekt lite firma med nokre tilsette. I tillegg til gjera vanleg rørleggaroppgåver for private håpar eg å leiga ut slike tenester til industrien og oppdrettsnæringa.

I tillegg seier han at han ønskjer å få bruka kompetansen han har tileigna seg innan prosjekt- og arbeidsleiing. Derfor vil han tilby koordinering innan arbeidsoppdrag som krev fleire fag. Dersom ein t.d. skal pussa opp bad kan interesserte kontakta han for å få både pris, og til å ordna med snikkar, elektrikar og andre fag. Han har alt knytt gode kontaktar innan dei ulike fagområda.

Vi veit at Arvid er ein svært hendig kar, og han seier og at han kan ta mindre snikkaroppdrag og dessutan er han alt i gang for å få sertifikat for våtromsarbeid.

- Eg er veldig opptatt av kvalitet. Det har Nordsjø-erfaringa lært meg, og så veit eg at det er viktig å vera nøyne med å halda avtala tider. Det er viktig både overfor kundar og samarbeidspartnarar, fortel ein engasjert nyslått firmaeigar. Det er tydeleg han ser med spenning og forventning fram til firmaet er i full drift.

Firmaet vil også驱va med salg, montering og service av Panasonic varmepumper. Kontor vert heime i kjellaren, og lager vert også på Rød. Uskedal Røyr & Multiservice AS har også si eiga heimeside www.uskedal-royr-multiservice.no under utarbeiding. Den vil no verta betre for kvar dag som går. Elles er Arvid Hjelmeland å treffa på 926 40 545.

Det er kjekt når vi kan mælda om nye Uskedals-firma her på sida, og dette er det andre nye firmaet dei siste vekene. Det skjer mykje positivt i bygda!



Arvid Hjelmeland i arbeid.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland